# SoMe og ads rapport
# Oktober 2021



# Samandrag

- Fokus på engasjement i organiske kanalar fungerer fint. Me har bra engasjement sjølv om rekkevidda varierer litt – mogeleg grunna varierande interesse for Voss og varierande algoritmar. Spesielt på Instagram ser me i blant litt «tilfeldige» løft.

- Publiseringsverktøyet Later har vore bra til å få oversikt på Instagram og for å få meir ut av plattformen. Me held fram med testinga.

- For Google ads og Facebook ads treff me godt med å køyre spissa annonser i skuldersesongen. Annonsene har låge kostnader og høg kvalitet.

# Facebook

Rekkevidde oktober 2021

92 031 ↑ 49,6 %




Likerklikk oktober 2021

10,9 k

Topp byer




Rekkevidda er opp frå ca 60 000 i september. Haustferie, mange bedriftsgrupper og Osafestivalen har nok vore med å løfte interessa for Voss (ref. toppsider frå nettsida).

Likerklikk og byer er like som i september.

# Facebook

Engasjementsfrekvens for oktober landa på 2,56%, me har som mål å vera over 0,5%. Dette er litt opp frå september.
Engasjementsfrekvens er tal personar som har engasjert seg med innlegget, i forhold til tal personar innlegget har nådd.

Me har i eit tid testa å bruke bilete frå lokale profilar og fotografar. Dei leverer materiell til oss til bruk på nettsida og SoMe. Innhalde har ein meir organisk følelse enn t.d. produktfoto og treff spesielt godt på SoMe. Me ser framleis at det viktig å oppfordre til engasjement, for å få engasjement. I tillegg til å koma med gode tekstar og gjerne tips til følgarane.

Utdrag frå innlegg i oktober med rekkevidde og engasjementsfrekvens:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 20.10.2021 07:44 |  | På Saue, i Skulestadmoen, ligg det eit nedlagt helleberg. I fjellet | 4,4K | 4% |
| 15.10.2021 09:55 |  | Oksen badar i haustsol i helga 🥰 🍁 Skal du på tur? Start frå | 5,1K | 5% |
| 12.10.2021 11:36 |  | Vil du delta eller sjå på? 💃🎻 Kva type er du - likar du best å delta og | 1,2K | 0,416% |

NÆRINGSHAGEN PÅ VOSS /
VOSS SENTRUM /
VISIT VOSS

# Instagram

Rekkevidde oktober 2021

23 587 ↓ 20,8 %




Følgjarar oktober 2021

8,2 k

Engasjement 2021




Litt nedgang i rekkevidde og engasjement frå september til oktober. Engasjementet er likevel over mange andre månadar. Nokre gonger treff innlegga veldig bra og dreg opp snittet, men det er jamn vekst i engasjement og følgjarar som er målet.

# Instagram

I Oktober nytta me Later. Later er eit publiseringsverktøy som lar deg førehandspublisere innlegg, legge til ei lita nettside i «link in bio» og analysere t.d. emneknaggar og engasjement.

Bilete til høgre syner korleis det ser ut om du trykker på «link in bio». Knappane og bileta er knytta mot ulike landingssider som «Vinter» «På tur i nærområde» og «Guide til fossefall»

Ein får sendt fleire til nettsida gjennom dette verktøyet og me håper på denne måten å få større utbytte av tida me legg ned i Instagram.

Visningar av «link i bio» sida i oktober:






# visitvoss.no

Topp sider i oktober 2021

| | Page Title | Pageviews ▾ |
|---|---|---|
| 1. | Visit Voss \| Offisiell reiseguide for Voss | 1,520 |
| 2. | Arrangementer, Voss og omland | 777 |
| 3. | Attraksjonar på Voss \| Visit Voss | 652 |
| 4. | Fem fine fjellturar på Voss \| Visit Voss | 461 |
| 5. | vinter aktiviteter på Voss \| Visit Voss | 399 |
| 6. | Visit Voss \| Official travelguide to Voss | 357 |
| 7. | Konsert, kultur og festival på Voss i høst. Opplev st... | 334 |
| 8. | Overnatting, Voss og omland | 289 |
| 9. | Mat og drikke på Voss \| Visit Voss | 262 |
| 10. | Høstferie med barn \| Visit Voss | 259 |

1 - 100 / 704 < >

Litt nye sider inn på topp 10 i oktober. Arrangement og haustaktivitetar som haustferie og konsert/festival ligg høgare enn i september.

Interessant å sjå at i skuldersesongen er det mindre fokus på aktivitetar og meir fokus på kultur, mat og attraksjonar. Dei fleste aktivitetsbedrifter var ope ut haustferien og ein del ut oktober.

NÆRINGSHAGEN PÅ VOSS /
VOSS SENTRUM /
VISIT VOSS

# visitvoss.no

Interesse for vintersport




Vinter aktivitetar var også komme inn på 5. plass over topp 10 sider i oktober. Interessa for vintersport i Norge aukar som regel i oktober og november. Heimesida blei bytt til vintertema etter haustferien og framover blir det fullt fokus på vinter.

Grafen over synes google søk i Norge dei siste 5 åra, innan vintersport.

NÆRINGSHAGEN PÅ VOSS /
VOSS SENTRUM /
VISIT VOSS

# Google ads

Kampanjer i oktober

Søkeordsannonser relatert til vinter




Søkeordsannonser relatert til aktiviteter og ferie på Voss







Google ads syner det same som nettsida. Interessa i starten av oktober ver for aktivitetar til haustferien, medan det mot slutten av oktober flytta seg over på vinteraktivitetar.

# Facebook ads

Utdrag frå annonsesenteret, oktober 2021

| Kampanjenavn | Levering | Bud | Bud | Ini for tilsl | Resultater | Rekkevidde ↓ | Eksponeringer | Kostnad per resultat | Beløp brukt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| [09_21] Festivalhøst (5k) | Fullført | B.. | B.. | 7.. | 938 Lenkeklikk | 36 142 | 84 840 | kr 3,91 Per lenkeklikk | kr 3 667,14 |
| [09_21] Høstkampanje (5k) | Fullført | B.. | B.. | 7.. | 2 381 Lenkeklikk | 28 754 | 50 003 | kr 1,26 Per lenkeklikk | kr 2 994,47 |
| [03_21] Artikkelpromotering (klikk) (10k) | Aktiv | B.. | B.. | 7.. | 786 Lenkeklikk | 20 532 | 56 810 | kr 1,56 Per lenkeklikk | kr 1 223,83 |
| [06_21] MEDLEMSANNONSER - Osafestivalen (2k) Vis diagrammer Rediger Dupliser | Fullført | B.. | B.. | 7.. | 227 Lenkeklikk | 8 970 | 16 546 | | |

På Facebook har me annonsert både for festivalhausten på Voss, aktivitetar i haustferien og artiklar relatert til hausten. Me er veldig nøgde med kampanjeoppsettet, mange av artiklane i artikkelpromoteringa har rangert over gjennomsnittet på både kvalitet, engasjement og konverteringar.

Osafestivalen køyrte annonser via oss siste veka før festivalen. Desse trefte også bra og rangerte over snittet på kvalitet og gjennomsnittleg på engasjement og konverteringar.

